

Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-5

Stad og dato: Vang, 11.11.2019

Til

Møte 5/2019

Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Jon Teodor Lyster - leiar
Marianne Granheim Trøyflat - nestleiar
Nils Ingar Rogne - medlem
Vivi-Ann Skrindsrud - medlem
Per Håvar Moe Nevland – medlem

Varamedlemar: Kristine Ringsaker, Nils Einar Ormestad, Marit Kvåle, Vegard Kjøs Egge, Oddrun Vidvei, Andris Tuvmarken, Anne Live Garvik, William Holden, Ragnhild Sundheim, Ola Haugrud

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET, VESTRE SLIDRE KOMMUNE

Vi kallar inn kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune til møte:

Måndag 18.november 2019 kl.09.00 til 12.00 på Kommunehuset, Vestre Slidre Kommune.

Forslag til dagsorden:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Formell godkjenning av møtebok 27.08.2019
- Neste møte 17.12.2019 (Samt opplæring med NKRF 5.desember 2019)

Sakliste:

Sak 21/2019 Introduksjon til arbeidet i kontrollutvalet

Sak 22/2019 Innsynsrett, teieplikt, habilitet, opne og lukka møte

Sak 23/2019 Kontrollutvalet 2019-2023, praktisk samarbeid – kontrollutvalet/Sekretariatet

Forfall meldast så raskt som mogleg til sekretariatet, **varamedlemar er også kalla inn til dette møte.**

Vang, 11.11.19

For leiar i kontrollutvalet

Anne-Marte Før (sign.)
Kontrollutvalssekretariatet for Valdres

Kopi sendt: Ordførar og Kommunerevisjon IKS (møte- og talerett), rådmann og post-mottak (til orientering).

Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-5

Stad og dato: Vang, 11.11.2019

SAKSLISTE

Sak 21/2019 Introduksjon til arbeidet i kontrollutvalet

Dokument i saka:

Kontrollutvalsboka_-2__utgava.pdf

Retningsliner for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune_08.04.19.pdf

Evalueringsnotat 2015-2019 KU VSK.pdf

Saksopplysningar:

- Sekretariatet gir ein introduksjon til arbeidet i kontrollutvalet, kva oppgåver utvalet har og korleis desse oppgåvene kan bli utført. Introduksjonen støttar seg på Kontrollutvalsboka, utgåve 2, som er Kommunal – og moderniseringsdepartementet sin rettleiar for kontrollutvalets roller og oppgåver (Kontrollutvalsboka, utgåve 2, er ikkje oppdatert etter innføring av ny kommunelov i 2019, men det har kome signal om at ei oppdatert utgåve vil koma på plass etter kvart. Det blir teken høgde for dette i introduksjonen).
- Sekretariatet går også gjennom retningsliner som er vedtatt for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune av kontrollutvalet den 08.04.2019 i sak 08/2019 og av kommunestyret den 02.05.2019 i deira sak 27/19.
- I sak 20/2019 den 27.08.2019 evaluerte avtroppande kontrollutval arbeidet sitt i førre periode med hensikt å overføre erfaringar til nytt utval, sekretariatet legg fram evalueringa fram for nytt kontrollutval.
- Sekretariatet orienterar om rolleforståing, grensegangar mot politikk, samarbeid med kommunestyret og avgrensingar mellom kontrollutval, sekretariat og administrasjon.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek introduksjon til arbeidet i kontrollutvalet og retningslinene for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune til vitende.

Sak 22/2019 Innsynsrett, teieplikt, habilitet, opne og lukka møte

Dokument i saka:

Ingen

Saksopplysningar:

- Sekretariatet orienterar om kontrollutvalet sin rett til innsyn og undersøking, og korleis denne retten ikkje er avgrensa av at opplysningane er omfatta av teieplikten. Vidare orienterar sekretariatet om medlemmane sin teieplikt, om habilitetsreglar, samt lovverk og praksis kring opne og lukka møter.
- Medlemmer og varamedlemmer fyller ut erklæring om teieplikt.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjon og opplæring i innsynsrett, teieplikt, habilitet og opning/lukking av møter til vitende.

Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-5

Stad og dato: Vang, 11.11.2019

Sak 23/2019 Kontrollutvalet 2019-2023, praktisk samarbeid – kontrollutvalet/Sekretariatet

Dokument i saka:

Ingen

Saksopplysningar:

- Det er behov for å drøfte rutinar for det praktisk samarbeid mellom kontrollutvalet og sekretariatet, møtetidspunkt, oppdatert kontaktinformasjon, varsling av fråvær osv.
- Det lyt opprettast brukarprofiler i ACOS-systemet for dei enkelte medlemar. Denne vil nyttast for å få tilgang til kontrollutvalet sine dokument via ein sikker plattform. Kontrollutvalet ved sekretariatet er i ferd med å ta i bruk ACOS, eit system for sakshandsaming.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek drøftinga kring praktisk samarbeid til vitende og ber sekretariatet følge opp utvalet sine konklusjonar etter drøftingane.

Vang, 11.11.19.

Anne-Marte Før (*sign.*)

Kontrollutvalssekretariatet for Valdres